

**Veg nr. 1 "Indredalenvegen"** er i jordskifteprotokollen frå sak 15/1980 beskrevet og partar med plikter angitt som følgjer:

Veg nr. 1, heimste del av vegen til Indredalen, tek til ved den offentlege bygdevegen på innmarka til bnr. 7 eller 8 og går over innmarka til bnr. 7 og 8 slik som avlagd på kartet fram til grense 22 aust for grensemerke 54 og herfrå nord gjennom dalen slik som avlagd på kartet over bnr. 5 sin teig fram til grense 24 aust for grensemerke 71 og herfrå framleis nord over dalen slik som avlagd på kartet over bnr. 8 sin nye teig fram til grense 26 aust for grensemerke 80 der vegen endar.

Ved Kleivane aust for det gamle stovehuset til bnr. 7 kan vegen i den knappe svingen her flyttast 4 m lenger nord slik at det lettar tømmertransporten.

Vegen skal ha ei køyrebanebreidd av minst 3,5 m og elles skal "normalar for skogsvegar klasse VI gjelda" og vegen skal dessutan ha turvande grøfter og skråningar og til bruk for dei som har arbeidsplikt i vegen.

Framtidig utbetring og vedlikehald skal av partane svarast slik:

Eigaren av bnr. 1	med	4%
"	"	2 "
"	"	3 "
"	"	4 "
"	"	5 "
"	"	6 "
"	"	7 "
"	"	8 "

Sum 100%.

Ein gjer merksam på at gnr. 2, bnr. 2, 3, 4 og 6 har skogteigar nordafor enden av veg nr. 1 der det ut frå jordskifteretten er lagt til grunn at dei må nytte veg nr. 1 til å frakte ut tømmer/skog frå skogteigane dei har. Bnr. 3, 4 og 6 har etter det eg er kjent med berre vegrett frå sine skogteigar ut til kommunevegen via veg nr. 1. Skogarealet frå desse bruka og ein av bnr. 2 sine teigar er difor teke med i arealgrunnlaget for søknaden om byggjing/oppgradering av delar av denne landbruksvegen.

Utretting av den krappe svingen i Kleivane skal etter pålegg frå jordskifteretten og lagmannsretten i sak 1200-2014-0048 skje med ei kostnadsdeling mellom gnr. 2, bnr. 1, 5, 7 og 8 (og 10).

Kostnadane med resten av den omsøkte oppgraderinga/omlegginga vil bnr. 5 svare av si plikt.

**Veg nr. 8 "Austremyranevegen"** er i jordskifteprotokollen frå sak 15/1980 beskrevet og partar med plikter angitt som følgjer:

Veg nr. 8, veg til Myrane - tek til i veg nr. 1 ca. 125 m aust for det gamle stovehuset til bnr. 7 og går først over innmarka til bnr. 7 og sidan over utmarka til bnr. 8 og fram til bnr. 5 sin dyrkingsteig i Myrane.

Vegen er avmerka på sørvestre sida av vegbana og tek til i veg nr. 1 og går til kross i fjell (161) like ved vegbana, herfrå søraustover 38,0 m til kross i fjell (162) vest for den gamle utløa, litt meir austleg 30 m til kross i fjell (163) herfrå i hovedretning aust 22 m til kross i fjell (164) aust for elva,

omlag same retning 11 m til kross i fjell (165) herfrå i hovedretning søraust 8,0 m til kross i fjell (166), herfrå i omlag same retning noko meir sørleg 22,0 m til kross i fjell (167), omlag same retning 22,0 m til kross i fjell (168), omlag same retning 29,0 m til kross i fjell (169) og same retning ca. 8 m til grensemerke 25 i grense 6. vegen kan opparbeidast til traktorkøyreveg og skal ha ei køyrebanebreidd av 3,5 m og elles skal "normalen for skogsvegar klasse VI gjelda" og vegen skal dessutan ha turvande grøfter og skrånningar.

Vegen er til bruk for eigaren av bnr. 5, 7 og 8 som køyre- drifte- og gangeveg.

Vegen skal opparbeidast når eigaren av bnr. 5 eller eigaren av bnr. 8 krev det frå utgangspunktet av vegen og fram til vegmerke 166 og opparbeiding og vedlikehald av denne del av vegen skal svarast slik:

Eigaren av bnr. 5	med	50%
"	"	"
"	"	8
"	"	50%

Sum 100%.

Resten av veg nr. 8 kan opparbeidast av bnr. 5 åleine, men ca. 5 m nord for vegmerke nr. 167 må då eigaren av bnr. 5 leggja røyr for stikkrenne så djupt at dette er godt nok for drenering for den mark som ligg austanfor vegen her.

Formannen for det sams veganlegget her skal vera eigaren av bnr. 5.

Avkøyringa frå veg nr. 1 kan byggjast slik ho er rommeleg og høver godt for transport vestover frå veg nr. 1.

Mellom vegmerka kan naturleg vegkurve nyttast.

Ved bygging av denne veg kan masse takast utanom vegbana og sprenging for steinmasse kan takast på legelegaste stad utanom vegbana. I samband med denne veg har eigaren av bnr. 7 rett å køyra tømmer frå grense 18 og fram til denne veg.

Bnr. 5 vil her forskottare kostnadane med byggjinga av fellesdelen av denne vegen fram til vegmerke nr. 166. Bnr. 8 har i jordskifteretten og lagmannsretten i sak 1200-2014-0048 fått (mellombels) fritak for å yte si plikt i opparbeidinga av fellesdelen av denne vegen med grunngevinga at noverande eigar av bnr. 7, 8 og 10 ikkje har behov for å nytte vegen til anna formål enn "beitebruk".

Dersom bnr. 8 i framtida skal nytte denne delen av vegen til anna formål/bruk enn "beitebruk", så har jordskifteretten og lagmannsretten lagt til grunn at fritaket til bnr. 8 må vurderast på nytt. Dette vil i praksis seie at når grunnlaget for fritaket fell vekk, må bnr. 8 svara si plikt slik det er angjeve i jordskiftesak 15/1980. Eigar av bnr. 5 vil i så tilfelle krevje at dei forskotterte kostnadane for bnr. 8 sin part vert betalt til eigar av bnr. 5 før ein annan bruk enn "beitebruk" vert tillaten gjennomført.

Alver, 19.6.2023.

Øystein Rambjørg (S)